

## Vidareutdanning i kreftsjukepleie

Betsy Hjertaker Nikolaisen har fullført vidareutdanning i kreftsjukepleie ved Betanien Diakonale Høgskule i Bergen. Helse- og sosialsjef Einar Aslaksen opplyser at ho er den fyrste

sjukepleiaren i Tysnes som har slik spesialkompetanse. Nikolaisen er i dag dagleg leiar av Tysnes Bedriftshelseteneste.

## Kommunale tomter på finn.no

Ledige kommunale hus-tomter på Tysnes er no lagt ut for sal på finn.no. Det gler formannskaps-medlem Magne Fauskanger (FrP). – Takk for at de (endelig) har fått tid til å leggja ut kommunale tomter på Finn.no, skriv

han i ein epost til kommuneadministrasjonen. I eposten rosar han kart- og oppmålings-svarleg Janine Freyboth for å ha gjort ein kjempejobb. – No er det berre å håpa på stor respons, seier han.



# Malkenes



## Busslast med arbeidssøkjande europearar

– Kan me gje jobb til ein av desse, er det verd alt arbeidet. Det seier ordførar Kjetil Hestad, etter at ei heil busslast med arbeidssøkjande europearar vitja Tysnes torsdag.

Dette er andre gongen det kjem arbeidssøkjande europearar til Tysnes på kort tid. Sist gong var det stort sett spanjolar, eller innflyttarar til Spania som var på Tysnes. Denne gongen kom det arbeidssøkjande frå både Romania, Spania, Tyskland og Hellas.

### Ynskjer familiar til Tysnes

Det er Robin Hood-huset i Bergen som organiserer opplegget med å prøva å finna arbeid til arbeidslause europearar. Ordførar Kjetil Hestad har hatt kontakt med Robin Hood-huset for å prøva å finna arbeid i Tysnes som kan vera høvande for ein eller fleire av desse. Aller helst ynskjer ordføraren at det kjem flyttande heile familiar til Tysnes, som kan vera med å auka folketalet i kommunen og elevtalet i skulen.

I alt var det 24 personar som kom med snøggbåten til Malkenes torsdag føremiddag, og med buss derifrå til Ugddal. 22 arbeidssøkjjarar og to frå Robin Hood-huset.

I Ugddal vart dei helsa velkomne av ordføraren. På eit



ARBEIDSSØKJARAR: Ordførar Kjetil Hestad ynskjer europeiske arbeidssøkjjarar velkomen til informasjonssamling på Tysnes.

informasjonsmøte i kommunehuset fekk dei arbeidssøkjande informasjon av både ordførar, rådmann og Tysnes Næringsråd. Det var Trond Tvedt som representerte næringsrådet.

### Eit stort hjarta

– Historia viser at tysnesingar har fått hjelp frå verda utanfor når det har vore vanskelege tider på Tysnes. Difor synest eg det er rett at me skal hjelpa andre når det er finanskrisa i Europa, seier ordføraren.

På informasjonsmøtet skildra han Tysnes som ei lita øy i Bjørnafjorden forma som eit hjarta.

– Me har eit stort hjarta for andre. Fleire kommunar bør sjå kva me gjer på Tysnes for å hjelpa andre, seier han.

Ordføraren fortel at det er mange interessante yrke blant dei arbeidssøkjande, som til dømes kommuneingeniørar og arkitektar.

– Klarar me å skaffa jobb til ein av desse, er det verd alt arbeidet, seier han.

Dei arbeidssøkjande vitja også Andersland Bygg som søker etter nye medarbeidarar, før turen gjekk attende til Bergen.

OLE SKATEN  
ole@tysnesbladet.no



## Ulovleg reklame uroar

Ulovlege reklameskilt langs vegane våre irriterer Statens vegvesen.

Ein treng ikkje køyra langt før ein ser reklameplakatar langs vegen. Reklameskilt som står langs fortaua, spesielt i Våge, er eit stort problem. Vidar Tveiterås i Statens vegvesen ynskjer å bevisstgjera folk på kor viktig det er å halda fortauet fritt for lause element som kan vera farleg for gåande.

– Nokre av desse skilta kan vera reine snublefeller for folk, seier han.

### Trafikkfarlege reklameskilt

Tveiterås sitt inntrykk er at det vert fleire og fleire skilt. Han meiner det er eit problem

at trafikantene sitt fokus vert trekt vekk frå vegen.

– Dei som set opp reklameskilta bør forstå at dette kan vera trafikkfarleg. Skilta kan vera i vegen for gåande, og svaksynte kan rett og slett snubla i dei. Skilta kan og hindra sikt mot til dømes eit gangfelt, og i verste fall kan det skje ulukke, meiner han.

### Har gjeve åtvaringar

Statens vegvesen har gjeve mange åtvaringar til dei som set opp skilta på fortaua i Våge.

– Nokre gonger hjelper det, og andre gonger ikkje. Dette er noko som er ulovleg, og dei som set slikt opp må vere budde på konsekvensane dette kan få. Mellom anna set dei

seg sjølve i eit ansvarsforhold om nokon skadar seg grunna slike skilt, seier han.

### Må søkja løyve

Ein må senda inn skriftleg søknad både til Statens vegvesen og kommunen for å setja opp ein plakat, eit banner eller eit skilt langs riks-, fylkes- og kommunale vegar. Det er imidlertid svært sjeldan det vert gjeve løyve til dette.

– Reklame vert sett opp ved gang- og sykkelveger, på fortau og i rundkøyring. Dette er Statens vegvesen sin grunn, og dei vert fjerna så fort me får melding om slikt, eller me ser det sjølv, seier Tveiterås.

INA KALDEFOSS  
ina@tysnesbladet.no

